

Sprengingsuhell har stengt Fv 615 gjennom Hyen

Vegen gjennom Vestredalen i Hyen ser ut til å bli opna for fri ferdsle frå laurdag morgon etter å ha vore stengt sidan onsdag føremiddag.

FT: Aadne Gloppestad

I samband med utviding av vegen forbi Høgemurane, mellom avkøyringa til Eimhjellen og Nesholmen, tok ei sprenglading onsdag med seg ein stor del av skjeringa, som losna og velta fram i vegen.

Ingen personar vart skadde i hendinga.

– Det ser ut til å løyse seg, det er ikkje lenge før vi kan starte å skyte, sa byggleiar Jørn Inge Grytten i Vestland fylkeskommune til Firda Tidend i ti-tida torsdag føremiddag.

– Vi er komne godt i gang med oppryddinga. Vi har ei maskin på kvar side av vegen, skytebas og sjåførar, totalt fem personar i arbeid. Fleire er det ikkje plass til, sa Grytten og fortalde at vegen truleg vil bli opna att natt til laurdag.



Store steinblokker rasa ut på fylkesvegen i samband med sprengingsarbeid ikkje langt frå Nesholmen. Begge foto: Vestland fylkeskommune.

Frå den andre sida såg det slik ut.

Tok i bruk gamleskulen på Solheim – etter 13 år

Fire elevar har vore tilbake i dei gamle lokala til Vestre Hyen skule på Solheim i går og i dag.

FT: Aadne Gloppestad

Årsaka er sjølvstekt stenginga av Fv 615.

Mykje ute

– Fire elevar er på plass, ein i 1. klasse, ein i 4. klasse, ein i 9. klasse og ein i 10. klasse, fortel lærar Margunn Solheim når Firda Tidend snakkar med henne torsdag føremiddag.

Ho bur på Solheim og er til vanleg lærar ved Hyen skule. Onsdag fekk ho spørsmål om ho kunne tenkje seg å undervise elevane på Solheim og Hjørteset i den gamle skulebygningen som no fungerer som grendehus. Det sa ho ja til.

– Vi har ikkje fått ro til å gjere så mykje enno, vi har mellom anna vore intervjuet av NRK, seier Margunn Solheim og fortel at planen er å ha både

naturfag, gymnastikk og ikkje minst å vere mykje ute i løpet av dei to dagane med skule på Solheim.

Utan Internett

Ho har delt opp elevane i to grupper. Jentene på ungdomstrinnet skal mellom anna arbeide litt på Teams saman med klassene sine.

– Dei må over i eit anna hus, vi har ikkje Internett her, fortel læraren og legg til at ho har fått melding frå den fungerande rektoren ved Hyen skule om å ha eit par «annleis» skuledagar:

– Vi skal mellom anna sjå litt på kulturminne i nærområdet, og nokre barnehageborn vil kome og leike med oss ute.

– Kan vere godt å ha

Sølvi Sæther i grendelaget på Solheim tykkjer det er kjekt at grendehuset blir teke i bruk til undervising igjen.



Elevane Frida Solheim Akse, Ronja Solheim Akse, Sunniva Sæther og Johanna Solheim Akse saman med lærar Margunn Solheim i den gamle skulebygningen på Solheim i går føremiddag. Foto: Sølvi Sæther.

– Det er flott at vi hadde høve til å opne skulen her når vegen vart vekke. Vi ser føre oss at dette huset kan vere godt å ha i liknande situasjonar i framtida, om det til dømes

skulle bli bestemt å gjere noko med den berykta vegen i Hopsstranda. Der skulle det aller helst ha vore tunnel på grunn av rasfaren, seier ho og legg til at bygdefolket har årlege dug-

nader for å halde det fint både inne i den gamle skulebygningen og ute kring den, og at bygget er halde godt ved like.